

KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

APRIL 1989

43. årg.



KYRKJA PÅ FLATEKVAL

Brev til ein motlaus

"Tidlegare har eg hatt kontroll over livet mitt. Men no synes eg ikkje at eg meistrar situasjonen lenger," var det ein som sa. Slik kan livet verta: Ein føler at problema vert større enn evna til å takla dei. Ein misser oversynet. Ein vert redd.

Årsakene kan vera mange. Kan hende det gjeld sjukdom og død. Misser arbeidet. Eller ein er i et uforklårleg puss. Eller ein slike som apostelen Paulus skildrar så treffande: "Det eg vil, gjer eg ikkje, og det eg hatar, det gjer eg."

Kva då? Når det ikkje lenger er nok at nokon seier: "Ta deg saman!" For kreftene og motet er berre brukt opp. Og du ser ingen veg vidare.

Ja, kva då?

Eg for min del har hatt periodar i livet mitt då bøna vart redusert til eit einaste ord: "Jesus!" Ei merkeleg bøn, synes du kan henda. Men eg klara ikkje å be meir! Eg fann ikkje ord. Eg orka ikkje å leita fram noko "betrer" å seia.

Men det var neimen ikkje naudsynleg heller.

Jesus seier: "Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!"

Du kan lita på han. Då er det ein som ber.

Kjell Arne Norum



ØNSKEDIKTET

Ønskediktet denne gongen kjem frå ein lesar, som vil vera anonym. Ho fann diktet i ei bok, og tenkte at også andre ville lika å lesa det.

DAGEN I DAG ...

Dagen i dag, er en merkelig dag,
den er din!
Dagen i går slapp deg ut av hendene.
Den kan du ikke få annet innhold ut av
enn det du allerede har gitt den.
Dagen som kommer i morgen har du ikke
noe løfte på.
Du vet ikke om du kan regne å råde
over den.
Men Dagen I Dag er din.
Det er det eneste du kan være sikker på.
Den kan du fylle med hva du vil.
BENYTT DEG AV DET!
I Dag kan du glede et menneske.
I Dag kan du hjelpe en annen.
I Dag kan du leve slik at noen i kveld
takker Gud for at Du er til.
Dagen I Dag er en betydningsfull dag.
DEN ER DIN!

PÅ LEIR!

Vi har fått tilsendt eit referat frå nyttårsleiren på Fagertun. Det er kanhende litt seint å skriva om dette no. Men eg trur det kan vera fint å høyra litt frå arbeidet som går føre seg på denne leirstaden.

Også i år var ein heil del ungdommar samla på Fagertun til nyttårsleir. Leiren strekte seg over tre dagar, med opningssamling fredag kveld. Sidan deltakartalet ikkje var det aller største, var det lett å verte kjent med kvarandre, alt fyrste kvelden. Nokre hadde vore på leir før, medan andre var på Fagertun for fyrste gong.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin
friday!

Så var den siste dagen i det gamle året kome, og mykje sto på dagsplanen. Etter frukost hadde Odd Alvheim bibeltime, der det mellom anna vart snakka om Jesus sin gjenkomst. Dette må vel seiast å vere eit svært sentralt emne, ikkje minst i desse dagar, når ein les i avisene om alt det vonde som hender rundt om i verda. Men Jesus har sagt at han ein dag skal kome att for å hante sine heim. Det er også difor det vert halde leifarar på Fagertun, - for å vinna nye menneske for Jesus.

Nyttårvelden starta med eit utsøkt måltid som kjøkkengjengen hadde pånskaut. Under måltidet vart også den årleg damenes- og herrenes tale avvikla. Og her fekk vel nokon og einkvar noko å tenkje over, skulle ein tru! Etterpå var det, som trsdisjonen tilseier, underhaldning av ymse slag, både til latter og grubling. Det gamle året vart avslutta med andakt og bøn inn i det nye året.

Så var det rakettane sin tur, etterfyldt av nattmat. Kjøkkenkjengen skuffa ikkje no heller og diskja opp med diger kake med 10 lys på. Kvifor? Jau, denne nyttårshelga var det heile 10 år sidan den fyrste leiren på Fagertun. Mange har vore på leir her sidan den gongen, og mange har vorte kristne.

Før heimreisa neste dag, var det samlingsstund med vitnemøte. Eg vil ta med eit bibelvers frå ein av bibeltimane: Ver på vakt og vak, før de veit ikkje når tida kjem. Mark.13,33

Ei helsing frå Liljekonvallen på Eidsland



"Liljekonvallen" er eit kristent barne- og ungdomslag, som er tilslutta Nordhordaland Indremisjon. Laget vart starta i 1977 og er dermed inne i sitt 12. år.

I Liljekonvallen treffest me annankvar mandag. Kveldane vert delte i to med born frå 5 til 10 år først, og born og ungdom frå 10 til 16 år etterpå. Me er i år 20 medlemmar (aktive) til saman, og leiarar er Asbjørn Ekse og Reidun Skurtveit. Når me samlast, har me andakt, song og ymse aktivitetar.

Me har eit adoptivbarn i Colombia, som er 10 år gammalt. Dette er fjerde barnet me hjelper med pengar til mat/klede og skule sidan me tok til i 1977. Me har basar ein gong i året, og då loddar me ut ymse ting som me har laga i vinterhalvåret, og elles andre gevinstar som folk i bygda gjev oss.

Om sumaren tek me ofte ein tur, og me reiser på leir. alle som er med i Liljekonvallen, får utgifter til

Dette biletet er frå ein tur i Aldalen sumaren 1987. Vi ser Leif Tore Ekse, Linda Lien, Karianne Neset, Britt Elin Ekse, Ole Jakob Neset, Bjørn Arvid Ekse, Monica Myster og Ingvill Gullbrå.

Foto: Asbjørn Ekse

leir dekka så langt råd er. Om vinteren har me arrangert fiszekonkurranse, vinterleikar, Eidslandsmeisterskapet på akebrett, spark- og skeisekonkurransar. Slike gonger er det sal av smågodt, pølser og brus/kaffi.

Medlemstalet er svært jamnt frå år til år, og framme den einskilde kvelden er nær opp til 100%. Me som leiar Liljekonvallen, tykkjer dette er svært kjekt, og me vonar at dei neste 12 åra skal verta like kjekke som dei fyrste!



BARNESIDE

JESUS LEVER

Det er ikkje så lenge sidan påske. Du hugsar sikkert kvifor vi har påske. Jesus døydde på korset for å frelsar oss frå syndene våre. Så vart Jesus lagd i ei grav. Jesus var berre tre dagar i grava, så vart han levande igjen. Det var Gud som gjorde det. Gud er sterkare enn døden.

JESUS STOD OPP IGJEN. HAN LEVER IDAG
På teikninga ser du den tomme grava. Ser du dama der? Det er Maria Magdalena. Ho var den første som fekk møta Jesus etter at han var blitt levande igjen. Seinare fekk lærersveinane og mange fleire møta Jesus. Vi og kán få møta Jesus. Vi får møta han når vi høyrer og les om han.



1.



$$= 2 + M$$

Her er ei lita rebus-
oppgåve. Klarar du å
finna svaret?

SVAR:

1. _____

2.



Reidun Skurtveit

MISJON I

Etter nepalesisk lov er det forbode å drive misjon i landet. Det er heller ikkje lov å skifte religion. Den som driv evangelisering eller døyper nokon, får 6 års fengsel, og om ein skifter religion, får ein eit års fengsel.

På tross av dette er det ca 400 misjonærar frå 18 land og 37 forskjellige misjonsorganisasjonar i Nepal. Etter det vi har funne ut, er det no tre norske organisasjonar som driv arbeid her i landet. Nordmannen Odd Hoftun var ein av dei som starta misjonsframstøtta til Nepal då landet vart opna for utlendingar omlag 1950. Innsatsen han har gjort, er imponerande, og når ein snakkar med vanlege nepalesarar, er det utruleg mange som kjenner til den innsatsen han har gjort, spesielt med industri og kraftutbygging.

For å koordinere arbeidet er alle organisasjonane samla i ein paraplyorganisasjon UMN (United Mission to Nepal), som har hovudkvarteret sitt i Kathmandu.

Ein kan ikkje driva misjon på vanleg måte, men må konsentrera seg om hjelpe- og utviklingsarbeid. Mellom anna driv ein 5 sjukehus, to i hovudstaden og tre ute i distriktet. Det eine distriktsjukhuset, det i Okulhunga, vart totalskadd av jordskjelv i 1988, men som ved eit under vart ingen drept eller skada.

Det vert elles drive ein god del industriprosjekt, vasskraftutbygging og landbruksprosjekt. Ein driv og fleire skular, vanlege folkeskular, tekniske skular og sjukepleieskular.

På tross av restriksjonane når det gjeld evangelisk arbeid, har innsatsen på forunderleg måte bore også åndelege frukter. På grunn av at arbeidet må drivast i all hemmelighet, varierer anslaga på antal kristne frå 25 000 til 80 000. Det er i alle høve ein bemerkelsesverdig vekst



på mindre enn 30 år under dei tilhøva som rår her.

Myndighetene er etter kvart blitt klar over kva som skjer, og legg større og større hindringar i vegen for arbeidet. Det blir vanselegare og vanskelegare å få visum. Stadig nye visumreglar stenger fleire og fleire ute. Det går rykte om at regjeringa har sett seg som mål at alle UNM-arbeidarar skal vere ute innan få år. Difor er situasjonen for misjonen svært utrygg.

Det er difor interessant å få vite litt om korleis dei kristne nepalesarane sjølv opplever situasjonen.

Sjuande klasse på den norske skulen har intervjuet ein nepalesisk pastor. Dette intervjuet får fram mykje om den stoda dei kristne i Nepal er i. De skal difor få lese det her.

* Korleis vart du ein kristen?
Ein av kameratane mine i studietida var kristen, og han snakka ofte om Jesus. Han lærte meg at Jesus er vegen, sanninga og livet. Etter eit år vart eg døypt.

* Kva tykte familien din om at du vart ein kristen?
Fyrst tenkte dei ikkje så mykje over det, men då eg ville bli døypt, nekta dei, og eg vart utstøtt av familien min.

* Er det veldig vanskeleg å bli kristen i Nepal?
Ja, det er forbod mot å gå over til ein annen religion. Til no har 86 personar blitt dømt til fengselstraff fordi dei er blitt kristne.

* Har du sjølv sitte i fengsel?
Eg har vore i fengsel i eit år. No

har eg vore gjennom fleire rettssaker og ventar på dom frå høgsterett. Enten blir eg frikjent eller så må eg sitte seks år i fengsel. Ein kan betale seg ut av fengselet, men då må ein ut med 56 000 rupies (ca 15 000 kr.)

* Korleis blir ein døypt?
ein vert døypt i all hemmelighet.

Først går ein i ei dåpsklasse, der ein lærer kva det vil seie å bli døypt. Pastoren avgjer kvar og når ein blir døypt. Dåpen vert halde hemmeleg. ikkje ein gong dei som skal døypast, veit kvar det er. Dette fordi ingen skal få vite det slik at politiet kan kome og arrestere dei som blir døypt. Dåpen skjer i ei elv.

* Kor mange kristne er det i Nepal?
Det fins ca 140 kyrkjelydar. I Kathmandu og austnepal er det mange, mens i midt-, vest- og sørvestnepal er det få. Det fins også ein del kyrkjelydar i fjella. Talet på kristne er usikkert, men kanhende så mange som 80 000 med protestantar og katolikkar.

* Korleis vart du pastor?
Den første kristne i ein kyrkjelyd blir pastor. Eg var den første kristne i min bydel. I kyrkjelyden

er det no ca 450 medlemer og det er 300 søndagsskuleborn. Vi har ikkje nokon stad å ha søndagsskulen, men vi planlegg å ta i bruk 6 rom til dette.

* Har du vore med på at det har hendt mirakel ved bøn?

Ja, vi har bedt for fleire som har blitt helbreda frå sjukdom. Ein som vart helbreda då han var ung, er no ein av evangelistane våre. Han vart ein kristen då Gud helbreda han.

Sjølv om denne mannen, som kunne vera i 30-åra, hadde vore i fengsel for trua si, og gjekk og venta på ein dom som kunne gi han 6 års fengsel til, verka han trygg, roleg og glad. Han snakka roleg om det som kunne kome, vel vitande om at 6 års fengsel kunne knekke både helse og liv, og at den summen som ville bli kravd i løysepengar for han, ville han aldri kunne klare å betale. Heile mannen vitna om ei trygg tillit til Gud, utan store faktorar og store ord. Men sjølvsgårt har han det vanskeleg, og sikkert har han og sine tunge stunder. Vi vil difor oppfordre dykk som les dette til å be for han. Særlig om domen skulle føre til fengselsstraff, er det viktig at han blir omslutta av forbøn. Vi må og be for dei andre truande her i Nepal, både dei som er i fengsel og dei som ikkje er det. Også dei andre av våre brør og søstre som er forfylgde for trua si må vi hugse i forbøn.

Helsing dykker utsendingar i Nepal
familien Maridal



Frå Kathmandu.
Slike hinduistiske tempel finn ein på mest kvart gatehjørne.

Vi noterer oss ...

Bedehuset på Dale

Dale Indremisjon satsar friskt! Dei fleste medlemene er pensjonistar. Likevel byggjer dei bedehus. Og det er ikkje for seg sjølve dei byggjer - det er fro dei som kjem etter. No som Moses-huset snart vert rivi, vert det ekstra viktig med det nye bedehuset. Både born og ungdom kan få glede av det. Det er også på tale med lokale til prestekontor, forutan sjølvsgått rom til vanleg møteverksamnd.

Medan dette vert skrivi, tek snekkarane til med å kle huset med tak og veggar. Når huset er tett, vil ein fyrst gjera i stand småsalen. Deretter tek ein resten ettersom ein får pengar og tid til det.

Dette er eit tiltak som fortener vår stønad, og alle gáver er kjærkomne. Dei kan sendast til

Dale Indremisjon - bedehusfondet,
v/Tomas Øpstebø,
Holhovden,
5280 DALEKVAM
Postgiro: 3 26 86 79
Bankgiro: 3500.67.24556 (Spareb. Vest)

Treng du ein å snakka med?

Du er velkommen til å snakka med oss dersom du treng nokon å tala ut med. Vi vil freista å lytta til deg. Og vi vil gjerne hjelpe deg til å finna ord fra Bibelen som kan vera til rettleiing og hjelp.

Dessutan har vi teieplikt.

Prestane i Vaksdal

Bøker for borna

Her er ei god melding til foreldre, fadrar og besteforeldre! Hos Eide og Ypsøy på Dale har dei no utvida utvalet av barnebøker med kristent innhold. Her finn du småbøker med forteljinger frå bibelen, songbøker og barnebiblar. Og dersom folk vil kjøpe, kan utvalet verta enda større. Nytt sjansen!

Eg legg også med det same inn eit godt ord for Norsk Salmebok. Kva med ei gáve til konfirmanten? Eller - har du ho sjølv?

KANO

Bibelkassettar på biblioteket

Hovudbiblioteket på Dale har kassettar der heile Bibelen er lese inn. Desse er til utlån. Dei kan vera til god hjelp, ikkje minst for blinde og svaksynte, eller andre som ikkje kan lesa Bibelen sjølv.

Konfirmasjonar

Konfirmasjonsgudstenene vert i år desse söndagane:

- 30. april - Eidsland
- 7. mai - Dale
- 7. mai - Vaksdal
- 14. mai - Stamnes
- 28. mai - Bergsdalen
- 4. juni - Nesheim

YTRE SULØEN

Onsdag 24. mai kjem Ytre Suløens Jazzensemble til Dale. Dei vil halda konsert i Dale kyrkje kl 22.00.

Ytre Suløen vil vera kjent for dei fleste, og mange set stor pris på den glade musikken deira. Nærare opplysningar om konserten vil koma seinare. No vil vi berre oppmota alle til å merka seg datoën og halda av denne kvelden.

Vel møtt!

Gunvor Bjørsvik til Kina

Tidlegare Kina-misjonær Gunvor Bjørsvik reiste til Kina 5. april. Ho er med i ei gruppe tidlegare og noverande misjonsarbeidarar som vitjar Kina denne våren. Etter at Kina har vore stengt so mange år, er det med stor spaning dei vender attende. Vi ser fram til å høre frå reisa deira når Gunvor kjem att.

Valdeltakinga må aukast!



Ved soknerådvålet i Sverige i oktober i fjor deltok 12% av dei med stemmerett. I Svenska Kyrkan er soknerådvålet eit politisk val der dei fleste partia er aktive. Mykje av det politiske engasjementet må vi sjå i samanheng med at sokneråda forvaltar store økonomiske ressursar.

I Danmark tok heile 18% av dei med stemmerett del ved valet i den femdelen av kyrkjelydane der det var fleire lister. (Det arrangerast ikkje soknerådvålet dersom kyrkjelydsmøtet vert enig om å leggje fram berre ei liste.)

I Noreg var deltagingsprosenten ved det siste soknerådvålet berre på 2,8. Målet i år er smålåtna 4%.

**SOM FAST GJEVAR
ER DU MED PÅ
Å GJE NY FREMTID
TIL MEDMEN-
NESKER I NØD**

KONTAKT:

KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3
Tlf. (02) 4639 70

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE

- 19.02. Elisabeth Vedå Tegenfeldt
05.03. Kristoffer Kvamme Nygård
05.03. Rune Bøe
05.03. Anette Sellevold Bleika
02.04. Maritha Møster
02.04. Endre Nottveit

BERGSDALEN


- 05.02. Ingrid Fagerbakke Fosse
05.02. Tonje Jeanett Romarheim

STAMNES

- 12.03. Helene Cecilie Farestveit

VAKSDAL

- 12.02. Nils Arvid Langhelle
12.02. Monica Herfindal
12.03. Øyvind Berge Magnussen
12.03. Emmeli Sturtzel




Vigde



03.03. Oscar Danielsen og
Nora Hop Danielsen
Vigde i sjømannskyrkja i Hamburg

DALE

- 11.03. Magne Fossmark og
Linda Ulveseth



Avlidne




DALE

- 29.01. Olav Seim f.1917
12.02. Reidar Eliassen f.1950
23.02. Einar Andersen f.1951
03.03. Gunnar Rene f.1929
04.03. Inger Sofie Rødland f.190
13.03. Alf Andersen f.1923

EIDSLAND

- 23.03. Arne Straume f.1914



UTDELING AV GODT NYTT TIL 4. OG 5. KLASSENGANE PÅ STANGHELLE SKULE
15. JANUAR 1989.
STRAUMEN GJEKK SÅ DEN SJUARMA LYSESTAKEN MÅTTE FRAM.

KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 50,-
Postgiro 5 72 34 73
Bankgiro 3500.50.13117
Bladstyrar: Tove Margrete
Nordmark, Bøe,
5270 Vaksdal
tlf. 59 72 01
Kasserar: Asle Georg Karlsen,
Bøe, 5270 Vaksdal
tlf. 59 72 32
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese
tlf. 05 - 55 50 45
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese



KIRKEN SOS

Er du i en vanskelig
situasjon og har behov
for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra
kl 19.00 til 07.00

Har du bil?

Ta andre med deg
når du kører til
kyrkje!!!



VELKOMEN TIL KYRKJE

23.april - 4.søndag etter påske

NESHEIM kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Molde.Nattverd.

VAKSDAL kl.18.00 v/Norum.Nattverd.

30.april - 5.søndag etter påske

EIDSLAND kl.11.00 Konfirmasjonsgudst.
v/Norum.Offer til Fagertun leirstad.

1.mai - Off. høgtidsdag.

VAKSDAL kl.10.00 v/stiftskap.Molde.
Offer til Kristne Arbeideres Forbund.
DALE Kl.11.00 v/Norum.Offer til
Kristne Arbeideres Forbund.

4.mai - Helgetorsdag.

VASSBAKKEN-STEMNA I STAMNES kl.11.00.

7.mai - 6.søndag etter påske

DALE kl.11.00 Konfirm.gudst.v/Meidell.
Dåp. Offer til soknerådet.
VAKSDAL kl.11.00 Konfirm.gudst.v/Norum.
Offer til Leirstaden Fagertun.

14.mai - 1.pinsedag

DALE Kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.
Offer til Den Norske Israelsmisjon.
STAMNES kl.11.00 Konfirm.gudst.v/Norum.
Offer til Stamnes Ungdomskor.

15.mai - 2.pinsedag

VAKSDAL kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.
Offer til Den Norske Santalmisjon.
NESHEIM kl.11.00 v/Norum.Nattverd.
Offer til "Navigatørene"

BERGSDALEN kl.20.00 v/Meidell.Nattv.

17.mai - Grunnlovsdagen.

DALE kl.9.30 Fam.gudst.v/Norum.
Offer til Misj. bak jernteppet.

VAKSDAL kl.9.30 Fam.gudst.v/Meidell.
Offer til speidarane på Vaksdal.

STAMNES kl.12.00 Fam.gudst.v/Meidell.
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

EIDSLAND kl.12.30 Fam.gudst.v/NOrum.
Offer til Soknerådsarbeidet.



21.mai - Trieiningssundag

STANGHELLE kl.11.00 v/Meidell. Offer
til Kristenrussen i Hordaland.

EKSINGEDELEN kl.11.00 v/Norum.Nattv.
Offer til Scientolog-ofrenes støttefor.

Onsdag 24.mai

DALE kl.22.00 Konsert med Ytre Suløen.

28.mai - 2.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00 v/Norum.Nattverd.
Offer til Norges KFUK/KFUM

BERGSDALEN kl.11.Konf.gudst.v/Meidell.
Offer til Leirstadens Fagertun

4.juni - 3.søndag etter pinse

STAMNES kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.
Offer til Inst. for Kristen Oppseding.

NESHEIM kl.11.00 Konf.gudst.v/Norum.
Offer til Leirstadens Fagertun.

11.juni - 4.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.12. FITJAVASS-STEMNA.Meidell.
DALE kl.19.00 v/Meidell.Offer til Den
Norske Sjømannsmisjon.

18.juni - 5.søndag etter pinse

DALE kl.11.00 v/Norum.Nattverd.
Offer til Blå Kors.

EIDSLAND kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.
Offer til Den Norske Santalmisjon.

25.juni - 6.søndag etter pinse

EKSINGEDELEN kl.11.00 v/Norum.Nattv.
Offer til Kirkens Bymisjon.

VAKSDAL kl.19.00 v/Norum. Nattverd.